



## **SØLVVINNARAR I KRETSMEISTERSKAPEN!**

2018 sesongen vart historisk for Suldal Idrettslag. For fyrste gong vart det skipa saman eit A-lag for damer, som no kan skilte med sølvmedalje i kretsmeisterskapen i Sør-Rogaland!

Pulja me hamna i vart noko meir slunken enn me hadde ynskt oss på førehand. Fleire lag trakk seg, og me fekk difor berre 3 kampar i seriespelet. Desse vann me, og med tabelltopp i eigen gruppe var med no klare til KM-finalar. Her var det ingen tvil kven me skulle møta, nemleg Sandved. Eit lag som har spelt saman i fleire år, og som i 2018 sesongen hadde 16 seriekampar med seg inn i sluttspellet, kor 15 var knusande seirar og 1 uavgjort. Og me fekk kjenna på rutine og samspel! Fyrste kampen heime vann dei 3-1. Oppsummert sprang dei over oss dei fyrste minutta og satte 3 kjappe mål, medan 2. omgang vart uavgjort. Me hadde difor vist at me kunne få taket på dei.

Søndag 18. november var det klart for retur heime hjå Sandved i Sandnes. Me var spente frå avreise og visste at me måtte slå dei med 3 mål for å vinna, men Sandved var godt førebudd. Til pause stod det 3-0 til heimelaget, og i 2. omgang gjekk «piffen» ut or Suldalsdamene og Sandved putta heile 5 mål til.

MEN, me vann sølvet i serien og det er me godt nøgd med! Det er fyrste året me spelar saman, og fyrste året på eit heilt tiår fleire av spelarane stiller på grasmatta med knottar under skoa. Me har fått mange gode treningar, og me sjonglerer no 4 fotballar i «Petter sin spesial» øving, mot 1 i byrjinga av sesongen.

2019 står no for tur og me vel å gå over til 11ér fotball. Me tek med oss treningar og kamperfaringar frå året som har gått og gjer oss klar for ny sesong.

**Takk til alle som har fulgt oss dette året!**

Kristine Bøe Berge/Kaptein Suldal Seniorlag Damer